

Høyringsframlegg

Forskrift om vern av Buggestrondi naturreservat, Luster kommune, Vestland fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.2020 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit større artsrikt område i indre fjordstrøk med sitt biologiske og geologiske mangfald. Området har kalkfuruskog og rik edellauvskog med bekkekløftmiljø, og representerer eit utval av ulike natur- og vegetasjonstypar frå fjord til fjell.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet vedkjem følgjande gnr./bnr.:

Luster kommune: 183/20, 183/39, 183/37 og 183/2.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 4054,5 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.2021. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Luster kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp, inkludert lav eller deler av disse, frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrenning er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Beiting med beitedyr som har tradisjon i området og som ikkje er til påviseleg skade for det biologiske mangfaldet.
- b) Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- c) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jaktårn for storviltjakt.
- e) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- f) Utplassering av saltstein i samband med beiting som omtalt i § 4 a).
- g) Rydding og vedlikehald av eksisterande sti vist på vernekartet jf. tilstanden på vernetidspunktet.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom stien vist på vernekartet er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding er forbode.

§ 6. (generelle unntak frå ferdselsreglane)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Ansvarleg naturoppsyn for verneområdet skal ha melding i førekant av køyring.
- b) Naudsynt uttransport av felt vilt med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b) Istandsetjing av steinmurar og andre kulturminne i samråd med kulturminnestyresmaktene.
- c) Tilretteleggingstiltak på eksisterande sti, medrekna oppsetting av ei enkel bru over elva i Jensagjelet.
- d) Merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar.
- e) Ringbarking og felling av framande treslag.
- f) Oppsetting og vedlikehald av gjerde i samband med 4a).
- g) Bruk av naturreservatet til miljøbasert reiselivsverksemd.
- h) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 g, og § 7 a, b, e, f.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (forvaltningsplan)

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltningsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. (ikrafttreding)

Denne forskrifta trer i kraft straks.